



Gunvor Myklebust med nyinnkjøpt ved

Dei fyrste kuldegradane vart registrert i natt og uskedelingane fekk tankar om vedforsyninga til vinteren. Nokon har vore føre var og sikra seg, men det gjeld slett ikkje alle.

Ein som reknar med at ho no har ved for 2 vintrar med sitt forbruk er Gunvor Myklebust på Neset. Ho har kjøpt eitt mål av ein av grunneigarane i nedre del av dalen - Svein Ottar Rørheim.

Ein annan som før har hatt ved til sals er Tor Jarle Kjærland, men han opplyser at han ikkje har så mykje som ei flis denne hausten.

Kva så med den store vedprodusenten Kvinnherad vekst - tidlegare AFA?

Leiinga der opplyser at dei stort sett var utselt i september slik dei plar vera, men det er to unnatak.

Dei har litt blandingsved som ikkje har gått ut og har også stadig noko kapp etter palleproduksjonen som dei pakkar i 60 liters sekkar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen